

## Flekkmonsteret bygger harefelle

Ein dag det vesle Flekkmonsteret vakna i mosehytta si på fjellet, hadde han så lyst på harekjøt. Han åt stort sett mose, men denne natta hadde han hatt ein draum der han sette tennene i eit mørt og saftig harelår. No låg Flekkmonsteret i senga og var så kjøtsvolten at det knurra i magen.

av Hallgeir og Vetle Opedal

Etasjemose frå herbariet ►  
til Ivar Aasen  
foto: Hanna Kinn /  
Nynorsk kultursentrum



## ETASJEMOSE

Etasjemose er ein bladmose. Mosen liker ikkje sollys, og veks godt i skuggen. Kvart år veks mosen eitt trinn. Dersom du tel «etasjane», finn du alderen til mosen.



## EINE

Eine er eit lite bartre i sypressfamilien. Planten luktar kraftig, og bæra blir ofte brukte som krydder i viltrettar. Veden er sterk, og du kan lage fine ting av han.



## BLÅBÆR

Blåbær er ein dvergbusk i lyngfamilien. Dei lysegrøne blada er tynne med sagtakka kant. På våren kjem det raudlege eller grønkvite blomar på stilkane. På sommaren får lyngen saftige, blåsvarte bær med fiolett fruktkjøt.

# FLORA

Dette heftet kan de bruke til å finne ut kva for nokre plantar de har funne. De kan også lese om plantane og sjå bilde av plantar Ivar Aasen plukka og pressa for nesten 200 år sidan.



## ROGN

Rogn er eit lite lauvtre i rosefamilien. Dei smale, taggete blada sit to og to. Bæra blir oransje når dei modnar om hausten. Fuglane er glade i bæra, og spreier frøa med bæsjen sin. Treverket i rogn er hardt og seigt. Det blir ofte brukt til å lage skaft til reiskapar.

## Dustefjerten

Det var eit beist av eit tre. Ei gammal furu. Tung av olje og år. Søkklasta med sommardagar og vinternetter. Tørr og fin i alt som var over jorda. Men greinene som stakk ned under mose og lyng, var byrja å rotne.

Det måtte vera mange tusen vedkubbar i dette treet. Av aller finaste kvalitet. Ferdig tørka.

av Rune Belsvik



▲  
Furu frå herbariet  
til Ivar Aasen  
FOTO: Hanna Kinn /  
Nynorsk kultursentrum

## FURU

Furu er eit tre i furufamilien. Ho kan bli 35 meter høg. Dei lange nålene sit to og to.

Treet blir brukt til å lage møblar og papirmasse og som materiale i bygg. Ein kan også lage terpentin og tjære av furu.

## GRAN

Gran er eit tre i granfamilien. Nålene er kvasse, og greinene er tette. Konglane kan vere mellom 9 og 17 cm lange.

Ein lagar både papir, kartong, møblar og plankar av gran. I jula pyntar vi med gran. Vi bruker særleg grana som juletre, men også til kransar og dekorasjonar.



## Tonje Glimmerdal

Og så fortel ho korleis det ser ut i Glimmerdalen no. Det har kome farge på knoppene, og granene lagar godlukt. Det gjer marka også. Tonje fortel korleis det luktar når ho ligg på magen og køyrer nasen ned i det vaknande graset.

av Maria Parr


## Bjørkebokstavar

Høgt oppe i bjørka leitar eg fram lommekniven og rissar inn namnet mitt

Innanfor borken lyser det i kvitt tre

Sevje piplar ut frå bokstavane Store gylne dropar som sola speglar seg i Dei smakar søtt

av Hilde Myklebust



▲  
Bjørk frå herbariet til Ivar Aasen  
FOTO: Hanna Kinn / Nynorsk kultursentrum

## BJØRK

Bjørk er eit tre i bjørkefamilien. Mange bjørketypar har delvis kvitt bork. Blada er frå middels grøne til lysegrøne. Ei vanleg bjørk kan vere 3 til 15 meter høg. Bjørk blir ofte brukt til fyringsved og til å lage papirmasse.